

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
175/14	Formannskapet	PS	03.09.2014
103/14	Kommunestyret	PS	17.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FA - U03, TI - &58	14/750

### Selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap - oppfølging av kommunestyresak 093/14

#### Vedlegg:

Selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap - oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 059/14 og kontrollutvalet si sak 51/14

#### Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje løyvd 160 000 kr. til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap. Formannskapet ber om at kontrollutvalet sjølv gjennomfører selskapskontrollen etter gjeldende praksis og rutiner.

#### Formannskapet - 175/14

#### FS - behandling:

Per Lerøy gjekk frå som ugild. Helge Dyrkolbotn (Krf) overtok som ordførar. Terje Håland (Ap) tiltrådte møtelyen. Reidar Øksnes (Sp) vart samrøystes vald til settevaraordførar.

Framlegg frå Ernst Stellberg(H):

Formannskapet, som økonomiutval, rår kommunestyret til å løyve kr. 160.000 eks mva til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap.

Løyvinga vert å dekkja av tilleggsløyvingar kommunestyret for 2014, avdeling 8002

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg og Høyre v/Ernst Stellberg sitt framlegg

Framlegget frå Høyre v/Ernst Stellberg fekk 4 røyster. Ernst Stellberg (H), Liv Ulvøy(V) Reidar Øksnes (SP) og Helge Dyrkolbotn (Krf)

Framlegget frå rådmannen fekk 1 røyst Terje Håland (Ap)

**FS - vedtak:**

Formannskapet, som økonomiutval, rår kommunestyret til å løyve kr. 160.000 eks mva til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap.

Løyvinga vert å dekkja av tilleggsloøyvingar kommunestyret for 2014, avdeling 8002

**Kommunestyret - 103/14**

**KS - behandling:**

Ordførar Per Lerøy og rådmann Jan Olav Osen erklærte seg innhabil under handsaming av saka. Ivar Bergsvik og Olav Andersen tiltrådde møtelyden.

Marielle Sundfjord Storebø vart samrøystes vald til settevaraordførar mens Reidar Øksnes overtok leiinga av møtet.

Formannskapet si tilråding: Austrheim kommunestyre løyver kr. 160.000,- eks mva til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap. Løyvinga vert å dekkja av tilleggsloøyving til kommunestyret, ansvar 802.

Framlegg frå Ap v/ Terje Håland: Det vert ikkje løyvd kr.160 000,- til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap. Det vert bedt om at kontrolluualet sjølv gjennomfører selskapskontrollen etter gjeldende praksis og rutiner.

Tilrådinga frå Austrheim formannskap fekk 11 røyster og framlegget frå Ap v/ Terje Håland fekk 6 røyster.

**KS - vedtak:**

Austrheim kommunestyre løyver kr. 160.000,- eks mva til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap. Løyvinga vert å dekkja av tilleggsloøyving til kommunestyret, ansvar 802.

**Saksopplysninger:**

Austrheim kommune har ikkje sett av midlar i sitt budsjett til selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap.

Kommunen «slit» med å halde budsjettet for 2014. Så langt i år har skatteinntektene svikta. Det er også usikkert om lønnskostnadane vert høgare enn budsjett. Elles har det oppstått ein del uforutsette kostnadar, som ikkje er budsjettert.

Kommunen har såleis heller ikkje ekstra midlar å gi til ein selskapskontroll.

Administrasjonen meiner det er naturleg at det er kontrollutvalet som gjennomfører selskapskontrollen i AS Austrheim Næringssselskap etter gjeldene praksis og rutiner.

**Konklusjon**

Det er ikkje midlar til eit slikt kjøp av tenestar. Det har vore tradisjon i Austrheim kommune at kontrollutvalet sjølv har gjennomført kontrollar av ein slik art.